



Fylkesmannen i Hordaland

Stord kommune  
Postboks 304  
5402 Stord

Bergen, 10. oktober 2018

Dykkar ref.:  
Roy-Sverre Amundsen

Vår ref.(oppgi ved  
svar):2018/12354

Sakshandsamar:  
Britt Solheim

## Rapport frå inspeksjon ved Stord kommune, Skjersholmane avløpsreinseanlegg 3. oktober 2018

**Kontrollnummer: 2018.125.I.FMHO**

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Roy-Sverre Amundsen  
Arnstein Hetlesæter  
Erik Kallestadbakken  
Knut Kattetvedt  
Øyvind Lothe

*Frå Fylkesmannen i Hordaland:*

Sissel Storebø  
Britt Solheim

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Stord kommune, Skjersholmane reinseanlegg den 03.10.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 3 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Krav i løyvet av 29. februar 2016

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Britt Solheim  
senioringeniør

Sissel Storebø  
senioringeniør

Kopi til: Stord kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Stord kommune	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 874563412	<b>Eigd av:</b> 939866914
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 36.000 - Uttak fra kilde, rensing og distribusjon av vann	

## Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Skjersholmane avløpsreinsanlegg	<b>Anleggsnr.:</b> 1221.0102.01
<b>Kommune:</b> Stord	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avløpsnett og -rensing	
<b>Løyve gitt:</b> 29.02.2016	<b>Sist endra:</b>

# 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om kommunen held miljøkrava til avløpsanlegga. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

## Inspeksjonstema

- internkontroll
- prosess og reinseutstyr
- utslepp til luft
- utslepp til vatn
- krav i løyvet

Rapporten gjeld avvik som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

# 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Stord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at kommunen innan

31. desember 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde. Vi ber også om tilbakemelding med svar på merknaden.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Britt Solheim.

## **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 14. september 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må Stord kommune betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

## **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1**

Miljøriskovurderinga for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6, 7 og 8

### **Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta gir regler om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg, jf. § 5 andre ledd punkt 1-8.

Internkontrollen skal sikre at verksemda kjenner til regelverket som gjeld for verksemda, og at verksemda har rutinar som sikrar at krav stilt i regelverket blir overhalde. Fylkesmannen har fokus på fare som gjeld for ytre miljø.

#### Miljørisikovurderingar (§ 5 andre ledd punkt 6)

Verksemda skal utføre risikovurdering på bakgrunn av kartlegging av fare og problem som kan oppstå ved verksemda. Risikovurderinga skal omfatte risiko for ytre miljø både ved normal drift og ved akutte hendingar. Risikovurderinga skal vere dokumentert skriftleg.

#### Rutinar (§ 5 andre ledd punkt 7)

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge at krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø og tryggleiksløvgjevningen blir overhaldne. Kravet til systematikk vil sei at verksemda skal vidareutvikle og skape heilskap i rutinar og prosedyrar som finns. Skriftlege arbeidsrutinar, instruksar og liknande må systematiserast, slik at dei kan takast i bruk og inngå i internkontrollen.

#### Systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen (§ 5 andre ledd punkt 8)

Internkontrollen skal reviderast jamleg i samarbeid med dei tilsette, slik at han til ein kvar tid er tilpassa verksemdas art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik.

### **Avviket er basert på følgjande:**

#### Miljørisikovurderingar

Stord kommune si miljørisikovurdering for ytre miljø for avløp var ikkje oppdatert sidan 2014. Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikovurdering for nytt avløpsreinseanlegg på Skjersholmane. Planar for eventuelle tiltak for å redusere risikoen mangla også ved tilsynet. Fylkesmannen tilrår at metodikk i Norsk Vann-rapport 197/2013 «Avløpsanlegg-vurdering av risiko for ytre miljø» vert nytta i det vidare arbeidet.

#### Rutinar

Rutine for gjennomføring av miljørisikovurderinga kunne ikkje visast fram ved tilsynet. Tema som bør vere med i rutinen er mellom anna kven som skal delta i arbeidet med risikovurderingar, når ho skal endrast og kva som tilseier at risikovurderinga skal oppdaterast.

Prosedyre for prøvetaking manglar for Skjersholmane reinseanlegg. Prosedyre for prøvetaking, datert 19. januar 2018 omhandlar gjennomføring av akkreditert prøvetaking for anlegg som ikkje har etablert mengdeproposjonal prøvetaking. Denne prosedyren er ikkje tilpassa prøvetakinga som blir utført på Skjersholmane reinseanlegg.

#### Systematisk overvaking av internkontrollen

Stord kommune har ikkje rutine som viser korleis dei utfører ei systematisk gjennomgåing av internkontrollen.

## **Avvik 2**

Plan for eventuell utbetring av avløpsreinseanlegga i Stord tettstad, dersom anlegga ikkje oppfyller reinsekrava, er ikkje sendt Fylkesmannen innan fristen.

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyvet av 29. februar 2016 for Stord tettstad, punkt 2.3.1

### **Kommentar:**

I løyvet av 29. februar 2016, punkt 2.3.1, har Fylkesmannen bedt om å få tilsendt plan med oversikt over dei tiltaka som er planlagt å gjennomføre, dersom eit eller fleire av reinseanlegga ikkje oppfyller reinsekrava for primærreinsing, jf. tabell 3 i løyvet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at vi har motteke denne oversikta.

## **Avvik 3**

Frist for akkreditert prøvetaking er ikkje overhalde for Skjersholmane reinseanlegg

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyvet av 29. februar 2016 for Stord tettstad  
Forureiningsforskrifta kapittel § 14-11. Prøvetaking

### **Kommentarar:**

Verksemder som utfører prøvetaking, herunder konservering, skal frå 31. desember 2008 være akkreditert for prøvetaking, eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ei kvalifisert nøytral instans.

Stord kommune fekk i brev 24. august 2010 unntak frå kravet om akkreditert prøvetaking og konservering for avløpsanlegg større enn 50 pe i Stord tettstad, fram til 31. desember 2015. I løyvet av 29. februar 2016 er frist for gjennomføring av akkreditert prøvetaking endra til dei nye avløpsanlegga er sette i drift. Unntaket gjeld for alle anlegg som skal sanerast eller oppgraderast for å etterkomme reinsekrava.

### **Avviket er basert på følgjande:**

Skjersholmane reinseanlegg var ferdig innan fristen 31. desember 2017. Anlegget har vore i drift sidan den gang, men det er ennå ikkje akkreditert. Akkrediteringsprosessen kan ta om lag 1 år frå anlegget er meldt inn til Norsk akkreditering til anlegget er godkjent. Det er vanleg at små eller større endringar må gjennomførast på anlegga før godkjenninga blir gitt. Fylkesmannen ber kommunen prioritere å få anlegget akkreditert, så snart som mogeleg. Det er ein fordel å ha dette klart, slik at ein ikkje overfører eventuelle feil til dei tre andre anlegga som skal byggjast.

Stord kommune har analysert prøver av både ureinsa og reisa avløpsvatn frå anlegget på Skjersholmane. Personalet som tek prøvene har delteke på kurs i prøvetaking av Driftsassistansen DIHVA, som er akkreditert for prøvetaking for avløpsreinseanlegg. Prøvane som er tatt, viser at utsleppsgrenser i løyvet av 29. februar 2016 vert haldne. Det er likevel resultatata etter at anlegget er godkjent av Norsk akkreditering, som avgjer om reinsinga er god nok.

## 7. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

## 8. Andre tilhøve

Stord kommune har i 2017 og 2018 separert overvatn frå spillvassnettet i store delar av tettstaden. I tillegg er det gjennomført sanering av mange eksisterande VA-anlegg, og det er etablert nye pumpestasjonar, overløp og sjøleidningar.

Skjersholmane reinseanlegg var i drift innan fristen 31. desember 2017. Anlegget er ein stor slamavskiljar dimensjonert for 6700 pe, med eige slamlager. Det omfattar to parallelle sedimenteringstankar, slamtankar, ventilkum for overføring av slam og måle- og prøvetakingsstasjon med overbygg. I tillegg er det installert kummer for innløp, omløp og utløp. Anlegget, bortsett frå overbygget til prøvetakingsstasjonane, ligg under bakkenivå. Sedimenteringstankane har ein diameter på 3 meter og lengda er på 35 meter.

I følgje «*Handlingsplan for å fylla reinsekrava i nytt utsleppsløyve for Stord kommune*», datert 15. mai 2013, vil total slammengde frå primærreinsing i 2030 vere på 3000 tonn per år, berekna for 28 000 personekvivalentar, pe. Slammet skal handterast på staden ved hjelp av eit mobilt anlegg for å fjerne vatnet. Rejektvatnet skal førast tilbake til anlegget, mens tørrslammet skal leverast til godkjent mottakar av avløpslam.

Slam frå silanlegg kan leverast både til kompostering og til biogassanlegg. Silanlegg for primærreinsing skal byggjast ut med utstyr for avskilling av ristavfall og for å fjerne vatn i slammet. Slam frå kjemisk reinseanlegg vil bli fortjukka og avvatna til om lag 25 prosent tørrstoff på anlegget, og vil ifølgje kommunen kunne leverast både til kompostering (SIM) og til Bergen kommune sitt biogassanlegg.

Fylkesmannen ber om informasjon om korleis kommunen har planlagt å handtere dei auka slammengdene i framtida. Dette bør greiast ut i søknaden om endring av løyvet.

Resipientgranskingane er i ferd med å bli avslutta, jf. punkt 8 i løyvet. Rapportane med resultat og vurdering av tilstanden i resipienten, vil bli sendt Fylkesmannen saman med søknad om endring av utsleppsløyvet.

Stord kommune vil ikkje klare å overhalde fristen i utsleppsløyvet av 29. februar 2016, for bygging av Grunnvågen reinseanlegg. Anlegget skulle ha vore i drift 31. desember 2018. Arbeidet med å leggje til rette med tilførselsleidningar i området blir utført i tråd med kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2015-2026. Kommunen ønskjer også å utsetje bygginga av Sæverhagen reinseanlegg, eit år fram i tid. Det vil sei at begge desse avløpsreinseanlegga vil stå ferdige samtidig og innan 31. desember 2021. Søknad om endring av utsleppsløyvet vil bli sendt Fylkesmannen så snart som råd er.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen